



Kunstnar Aud Sørheim Myklebust og nettredaktør Ola Matti Mathisen med eit vakkert motiv av Ulvanåso.

**På arrangementet Allsong i sjøkanten laurdag ettermiddag var det lagt inn ei enkel, men verdig markering av at nettsida uskedalen.no er 5 år.**

Oppstarten var 30. juni 2006. Den fyrste artikkelen handla om bustadprosjektet på Eikelandet. Seinare har Ola Matti Mathisen (69) saman med gode medjelparar produsert 6660 artiklar og notisar, i snitt rundt rekna 4 nyhende kvar dag.

I snitt har nettsida dagleg eit besøk 1300. Det er langt meir enn kva som er vanleg for lokale nettsider vi kan samanlikna oss med.

På den tekniske sida har Magnhild Haugland, Karoline Neset og Arne Rød vore ei god støtte.

I ei helsing frå Uskedalen Utvikling ved Kjell Yri vart det lagt vekt på det store arbeidet Ola Matti Mathisen legg ned for å synleggjera Uskedalen lokalt og nasjonalt. Mathisen har store kunnskapar og syner eit høgt fagleg nivå på det han skriv. Han vert og nytta av andre aviser som BT for å dekkja viktige hendingar i Kvinnherad. Mathisen kom inn i avisverda alt som 12-åring. Han har hatt ymse funksjonar i fleire aviser i Hedmark og Oppland, lengst som politisk redaktør.

Han har vore på dei fleste OL etter 1952 og var viktig i arbeidet med å få OL til Lillehammer i 1994. Han vart på 60-årsdagen påskjønna med Kongens gull.

Det kom uventa på jubilaranten då Aud Sørheim Myklebust overrekte han eit vakkert måleri av Ulvanåso, favorittfjellet hans i Kvinnherad.

Slik vi kjenner Ola Matti Mathisen, vil han ikkje ha for mykje ros og fokus på seg sjølv.

Oppgåva hans er å skriva om andre, for andre og om aktuelle hendingar.

I ein kort takketal understreka han det å vera tru mot det strengt lokale, ein viktig føresetnad for å lukkast med avis på nett ute på bygdene.

På Trysildialekt las han til slutt Einar Skjæraasens Du skal itte trø i graset.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal